

Rev (*Vulpes vulpes*)

Reven har ei viktig rolle i folkeminna



Stakkars reven har blitt hata av menneska gjennom lange tider. Den er blitt sett på som ei plage, eit skadedyr og som fanden sjølv !

Kvifor vart reven kalla Mikkel ?

Professor Rolf Nordhagen forklara namnet Mikkel rev slik: Ordet kjem av det norrøne *hin mikilhæfi* som tyder ”den stormektige”. Sjøfolka brukte Mikkel om ein sjødemon, seinare vart djevelen kalla Mikkel. Sidan reven i mange eventyr og skjemteviser var både listig og lur, vond og slu, smitta namnet over på reven.

Varsla død

Folk trudde reven varsla om død når han sneik seg inn til husa og skreik.

Spor og sporteikn

Skit på ein stein langs ein sti, hårdott på gjerde og restar etter byttedyr er teikn på at reven har vore her. Reven markerar området sitt med urin og skit langs tydelege skiljeliner i terrenget, som t.d. ein skogsbilveg. Reven bit ofte hovudet av byttedyra og fjernar det, t.d. hjå lam. Det er helst revar som har hi i nærleiken som tek lam.


Sjå skilnad på reve- og hundespor på faktaark 1 i postkassen.

Fangst

Reven vart skoten på grunn av skinnet, som vart svært verdifullt i starten av 1900-talet. Det har vore brukt mange typar fangsreiskapar for rev. Dei fleste er no ulovlege:

- Revesaks
- Gildring med helle
- Sjølvskot
- Henging (sjå utstilt felle)
- Nettingfelle

I 1974 vart det felt 67 000 revar i Noreg, seinare har fangsten gått nedover på grunn av reveoppdrett og reveskabb.



Hengefelle